

2018

# Flaum 14. -15. oktober



Næss Eli Marita Vik

Statens vegvesen

19.11.2018

## Innhold

Hendinga .....	2
Stengde vegar .....	2
Skader på vegnettet .....	2
Bilete frå hendinga.....	4
Størst skade på fv. 333 Skjolden – Mørkrid i Luster kommune.....	6
Moen – sone 1 på kartet.....	6
Kvednabakken – sone 2 på kartet.....	7
Smiebakken – sone 3 på kartet.....	8
Sandtaket – sone 4 på kartet .....	9
Økonomiske konsekvensar .....	10

## Hendinga

14. og 15. oktober førte store nedbørsmengder og temperaturstigning til at det vart flaum på Vestlandet.

I Sogn og Fjordane vart det størst skader i Luster kommune men og på fv. 695 Teita bru i Gloppen kommune.

## Stengde vegar

### Den 15. oktober var følgjande vegar stengde i samband med flaum og ras

Rv. 15 Strynefjellet, stengt pga. flaum

Fv. 53 Kolnostunnelen – Finnsåstunnelen, stengt pga. ras

Fv. 55 Sognefjellet, stengt pga. flaum

Fv. 55 Fortun, Luster, stengt pga. flaum

Fv. 331Sørheim – Lio, Luster, stengt pga. flaum

Fv. 332 Ormeli i Luster, stengt pga. flaum

Fv. 333 Skjolden – Mørkrid, stengt pga. flaum

Fv. 609 Hellevang, Førde–Askvoll, stengt pga. jordras og fare for ras

Fv. 610 Hestad i Gaular, stengt pga. flaum

### 16. oktober kl. 06:30 var følgjande vegar framleis stengde

Fv. 333 Skjolden – Mørkrid, stengt pga. flaum, ny vurdering tysdag 16/10 kl.09:00

Fv. 610 Hestad i Gaular, stengt pga. flaum

Fv. 337 Veitastrand – Hafslo Stengt pga. steinras, ny vurdering Tysdag 16/10 kl. 11:00

## Skader på vegnettet

Fv. 331 Urnes i Luster kommune

- Jord og steinskred – mindre skader

Fv. 332 Fortunsdalen i Luster kommune

- Mykje utvasking under asfalt
- Elveplastring vaska vekk. Vegen vaska vekk på deler av strekninga.
- Plastring ved bru vaska vekk. Mogeleg skade på brufundament.
- Utført midlertidige løysingar for å kunne setje trafikk på vegen.
- Ca 500 meter med skada veg som må byggast opp + nokre fleire enkeltiltak

#### Fv.333 Mørkridsdalen i Luster kommune

- Fleire parti der plastring langs elv er vaska vekk
- Parti langs veg der det fortsatt rasar ut i elva pga. utvasking. Elv har teke ny retning. Her vil det verte store kostnader med oppbygging av vegen. Her kan ein vurdere å leggje om til ny vegtrase.
- Lengre parti der vegen er heilt øydelagd av utvasking og skred i elvekant.
- Ca 200m av vegen står under vatn etter at elva tok nytt løp.
- Blir arbeid med midlertidige løysingar.
- Samla ca. 700m veg som heilt eller delvis er borte. Murparti på 1500m<sup>2</sup> må etablerast eller leggje om vegen permanent.

#### Fv. 337 Veitastrondvegen i Luster kommune

- Veg steng pga. skred. Ca 100 personar isolerte.
- Deler av vegen er slått ut.
- Reinsk pågår før veg kan byggast opp att.
- Forventa å kunne opne torsdag 18/10 (vart opna då).

#### Fv. 604 Jostedalen i Luster kommune

- Elva fløymde over – mindre skader

#### Fv. 695 Teita bru ved Byrkjelo i Gloppen kommune

- Det er skadar på søyler i tillegg til landkar
- Hovudinspeksjon var utført 19. september før flaumen, utan at det vart gjort vesentlege funn
- Skadane av flaumen er så omfattande at det ikkje er mogeleg å utbetra bru
- Det må byggjast ny bru
- Overslaget synet ein kostnad på ca. 40 mill.kr inkl. mva.
- Det er omkjøringsmoglegheiter på staden slik at midlertidig bru ikkje vil vere aktuelt

I tillegg er det ein del andre fylkesvegar som har fått skader.

Statens Vegvesen Sogn og Fjordane hadde byggherreberedskap på plass. Driftsentreprenør hadde mannskap ute som overvaka situasjonen og sette inn tiltak der det var mogeleg.

Statens Vegvesen og driftsentreprenør gav bistand til Politit og Fylkesmann i samband med vurdering av situasjonen ved evakuering. Det var tett og godt samarbeid mellom Region aust og Region vest i Statens Vegvesen i forbindelse med tiltak for omkjøring pga. stengt rv. 15 og fv. 55.

Å byggje opp att vegane vil krevje tett samarbeid med NVE.

Det vart gjennomført folkemøte i Luster på Fjordkroa i Skjolden 23. oktober. Frå Statens vegvesen deltok avdelingsleiar, Svenn Egil Finden og prosjektleiar Leif Henning Øyre.

## Bilete frå hendinga



Moen i Mørkridsdalen

Foto: Svein Jarle Slinde, Statens Vegvesen



Bilde teke 15/10 ca kl. 12 ved Smiebakken. Her rasa det kontinuerleg utover dagen. Området sperra av politiet.

Foto: Svein Jarle Slinde, Statens Vegvesen



Mørkridsdalen

Foto: Odd Helge Brugrand, NRK




MØRKRIDSDALEN: Slik ser det ut i Mørkridsdalen litt over ei veke sidan flaumen.

FOTO: TORJE BJELLAAS / NRK

## Størst skade på fv. 333 Skjolden – Mørkrid i Luster kommune

Største skader på vegnettet fekk vi på fv. 333 Skjolden – Mørkrid i Luster.



### Moen – sone 1 på kartet

Her er ei strekning på om lag 150 meter veg med elveførebygging øydelagt. Brua har fått skade.

Her vart eksisterande veg utbetra slik at denne kan brukast midlertidig. Under føresetnad av at det ikkje var store skadar på bruva var det venta å ha midlertidig tilkomst i løpet av fredag 19. oktober. Denne vart opna som planlagt.

Permanent ny veg er planlagt skal stå klar i løpet av november månad.



Moen

Foto: Jan Helge Aalbu

### Kvednabakken – sone 2 på kartet

Her er veg med elveførebygging i ei strekning på om lag 200 meter undergreven og øydelagt.

Her må det byggjast ny veg samt elveførebygging langs heile strekninga. Permanent utbetring er planlagt utført innan utgangen av desember månad – avhengig av periode med låg vassføring i elva. Det vert arbeidd med å få til ein midlertidig tilkomst til bustadane ved Kvednabakken. Dette arbeidet vil bli sluttført innan utgangen av veke 44.



Kvednabakken

Foto; Jan Helge Åalbu

### Smiebakken – sone 3 på kartet

Her er veg og elveførebygging rasa ut i elva. Det er høg skjering i terrenget.

Her må det byggjast ny veg, og mykje masse må skiftast ut. Det må utførast elveførebygging med omfattande plastring. Arbeidet er planlagt skal vere ferdig innan utgangen av mars månad 2019.



Smiebakken

Foto: Jan Helge Aalbu

### Sandtaket - sone 4 på kartet

Her er det fleire mindre utrasa område med elveførebygging.

Utbetringa er planlagt utført innan utgangen av desember månad, avhengig av periode med låg vassføring i elva.



Sandtaket

Foto: Jan Helge Aalbu

## Økonomiske konsekvensar

Kostnadene med å reparere skadane etter flaumen 14. og 15. oktober er rekna til ca. 100 mill.kr. Dette er kostnader som blir påført fylkeskommunen. I tillegg kjem byggherrekostnader. Dei er ikkje teke med i oversikta då dei vert betalt av staten gjennom sams vegadministrasjon.

Arbeidsoperasjon:	Reparasjonar/ oppattbygging (vedlikehald)
Opprydding ras/steinnesfall/trenedfall	2,3
Reinsk	0,5
Utvasking/utgraving/skade på bruer	76,5
Oppattbygging av veg	0,7
Anna	
<b>Sum eks. mva</b>	<b>80,0</b>
Mva	20,0
<b>Sum inkl. mva</b>	<b>100,0</b>

Vi reknar med at ca. 44 mill.kr vert betalt ut i 2018 og ca. 56 mill.kr vert betalt ut i 2019.